



# Innst. S. nr. 238

(2007-2008)

## Innstilling til Stortinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen

St.prp. nr. 53 (2007-2008)

### Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om endring i statsbudsjettet 2008 – Nytt operahus

Til Stortinget

#### SAMMENDRAG

I proposisjonen foreslår Fornyings- og administrasjonsdepartementet å auke løyvinga på kap. 1580 Bygg utanfor husleigeordninga, post 33 Vidareføring av byggjeprosjekt med 150 mill. kroner i samband med slutføringa av Prosjekt Nytt Operahus.

Trong for løyving til prosjektet i 2008 er no rekna ut til 642 mill. kroner, dvs. 150 mill. kroner meir enn løyvinga i saldert budsjett 2008. Det er samstundes trong for å auke styringsramma med 300 mill. kroner frå 3 836 mill. kroner til 4 136 mill. kroner. Det vil då stå att 220 mill. kroner av uvisse avsetninga.

Det er per 31. mars 2008 utbetalt 3 690 mill. kroner, mens forplikta beløp utgjer 3 929 mill. kroner.

Byggjeprosjektet er i hovudsak ferdigstilt. Attståande arbeid gjeld publikums-, sal- og sceneområda. Arbeid som står att per 31. mars 2008 er i hovudsak uttesting og feilretting av elektrotekniske anlegg, kompletteringsarbeid på teatertekniske anlegg og regulering av ventilasjonsanlegg. Det vil i tillegg vere naudsynt å slutføre ulikt kompletteringsarbeid i Den Norske Opera og Balletts ferieperiode.

Grunngjevinga for at det trengst auka løyvingar til prosjektet i 2008 ligg hovudsakleg i desse forholda:

- **Kompleksitet:** Det har vore utfordrande å få til eit fullstendig prosjekterings- og arbeidsunderlag til rett tid, noko som har medført tilleggsarbeid og at arbeid må utførast på nytt.

- **Effektivitet:** Dagens marknadssituasjon har resultert i skort på fagpersonell. Dette har medført at entreprenørane har sett inn mannskap som av ulike grunnar ikkje oppnår ein effektivitet som ein normalt kan forvente.
- **Forseinkingar:** Statsbygg ser i tillegg at forseinkinga på tekniske og teatertekniske fag vil medføre eit ytterlegare behov for uttesting og opplæring, ved at delar av arbeidet må forskyvast til sommarmånadene for å sikre at Den Norske Opera og Ballett kan gjennomføre sitt fastsette program for 2008.
- **Prøvedrift:** Dei tekniske og teatertekniske kontraktane har ein gjennomføringsmodell med ein prøvedriftsperiode på 6 månader. Under prøvedriftsperioden vert det normalt avdekt trong for justeringar, kompletteringar og ytterlegare brukartilpassingar. Slike tilpassingar vil generere kostnader, også etter at sceneområda er tekne i bruk av Den Norske Opera og Ballett.

I tillegg kjem ei tvistesak med Veidekke Entreprenør AS. Partane i saka har komme fram til ei forliksløysing som inneber ein kompensasjon på 64 mill. kroner med utbetaling seinast 1. mars 2008. Etter 1. mars 2008 kjem det i tillegg morarente. I tillegg kjem 1,5 mill. kroner for å dekkje Statsbyggs advokatkostnader. Regjeringa har godkjent forliksavtalen, under føresetnad av at Stortinget godkjenner forslaget om auka løyvingar til prosjektet som foreslått i proposisjonen.

I proposisjonen vert det også gjort greie for operaens omgivnader og midlertidige tiltak som vert sette i verk for å få tilfredsstillande omgivnader i perioden fram til ein kan få realisert permanente løysingar.

Dette inkluderer ein leigeavtale mellom Statsbygg og Oslo Havn KF om området mellom Opera-

gata og E18, i ein periode på to år. Leigeavtalen vil gi ein årleg kostnad på 1,2–1,5 mill. kroner, dvs. totalt 2,4 til 3,0 mill. kroner. Denne kostnaden vert dekt over kap. 2445 Statsbygg underpost 24.2 Driftsutgifter.

### KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, lederen Tore Hagebakken, Saera Khan, Inger Løite, Tom Strømsstad Olsen og Arild Stokkan-Grande, fra Fremskrittspartiet, Per-Willy Amundsen, Åge Starheim og Ib Thomsen, fra Høyre, Kari Lise Holmberg og Bent Høie, fra Sosialistisk Venstreparti, Rolf Reikvam, fra Kristelig Folkeparti, Bjørg Tørresdal, fra Senterpartiet, Trygve Slagsvold Vedum, og fra Venstre, Vera Lysklætt, viser til at den foreslåtte bevilgningen på kap. 1580 post 33 ligger innenfor kostnadsrammen til Prosjekt Nytt Operahus.

Komiteen slutter seg til forslaget.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at kostnadene for bygging av ny opera har økt klart mer enn hva som kan forklares med prisstigning etc. Det første kostnadsanslaget var på 1 400 mill. kroner pr. 1. januar 1998. Dette ble oppjustert til 1 800 mill. kroner, og senere til 2 050 mill. kroner i budsjettproposisjonen for 2001. Under behandlingen av St.prp. nr. 48 (2001-2002) Nytt operahus i Bjørvika, var prisen kommet opp i 3 330 mill. kroner (i tillegg kom en "sikkerhetsmargin" på 500

mill. kroner). Nå inviteres Stortinget til å øke anslaget til 4 136 mill. kroner, uten at det finnes noen garanti for at dette blir den endelige prisen.

Disse medlemmer viser til Fremskrittspartiets grunnleggende syn på hva som er offentlige myndigheters oppgaver, og hensynet til en fornuftig disponering av befolkningens skattepenger. Opera er et felt innenfor kultur som baserer seg på interesse fra en meget liten del av befolkningen. Disse medlemmer vil her vise til at store oppgaver innenfor offentlig ansvarsområde forblir uløste. Dette er blant annet tilfellet innenfor helsesektor, skolen, samferdsel og forsvar. Disse medlemmer er av den mening at det ikke finnes et markedsmessig forsvarlig grunnlag for drift av opera i dag. Etter disse medlemmers mening er dette ikke en offentlig oppgave.

Disse medlemmer vil påpeke at opera og ballett ikke har sterke tradisjoner i Norge. Det er derfor lite som tilsier at Operaen vil fungere som "magnet" for landets innbyggere eller turister fra utlandet. Bygging av opera vil, etter disse medlemmers mening, først og fremst være et tilbud til en begrenset/spesielle grupper av hovedstadens innbyggere, og i minimal grad være til gagn for resten av landet. Disse medlemmer påpeker at i forhold til den kulturelle satsning i distriktene, er dette prosjektet svært skjevt med hensyn til fordeling av kulturmidler, og anvendelse av tilsvarende summer spredt på flere prosjekter omkring i landet ville nødvendigvis omfatte langt flere av landets befolkning. Det vises her til at en ny opera medfører økte driftsutgifter – og således også behov for økte midler over statlige kulturbudsjett.

### KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgende endring:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1580		Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga	
	33	Vidareføring av byggeprosjekt, <i>kan overføres</i> , vert auka med ..... frå kr 1 443 600 000 til kr 1 593 600 000	150 000 000

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 20. mai 2008

**Tore Hagebakken**

leder og ordfører